

Den norske kyrkje – kyrkerådet
e-post: post.kirkeradet@kirken.no

Høyring frå Fet og Joranger sokneråd , Indre Sogn prosti

Innleiing:

Fet og Joranger sokneråd har lese gjennom høyringsdokumentet og soknepresten sitt høyringssvar. På grunnlag av dette gjev me denne uttalen. Me uttalar oss som lekfolk.

Høyringstema 1.

Fet og Joranger sokneråd sin målsetting/visjon er samanfallande med Gudstenestereforma sine. Stort sett er gudstenestereforma godt motteke og me ser positivt på at vala til liturgi vert mindre. Då det ofte er prestevikarar her og presten har fleire kyrkjer /sokn, er me og positive til at det vert same hovudliturgi i heile kommunen.

Spm. 1 . Gudstenestereforma er godt motteke og me ønskjer å ha liturgien stort sett slik som han er . Me må sjå heile gudstenesta under eitt og arbeida for at sendar (her presten og organisten) av bodskapen/ salmane vert tilpassa mottakarane (her soknebarna). Gudstenesta skal vera for alle og vera inkluderande.

Medliturgi aktiviserer fleire. Det kjem fleire til kyrkje. Me arbeider for at fleire vert inkluderte i planlegging og spesielt gjennomføringa av gudsteneste: Deltaking av t.d .konfirmantar, fadrar, kyrkjevertar og andre ved bøn, lystening, tekstlesing, innsamling av kollekt mm.

Det er eit sagn at liturgien for familiegudsteneste ikkje er der som tidlegare.

Høyringstema 3. Justering av hovuddel (1-8)

Tykkjer dagens ordning med samlingsbøn fungerer bra. Opningsbøna bør passa til tema/tekst for dagen og gjerne ei bøn som syner takksemd. Informasjonen bør og vera der han er i dag for å førebu kyrkjelyden på kva som skal skje. Dette er også med på å gjera gudstenesta til vår.

Stille bøn før gudstenesta tek til : ein bør oppmoda /øva på å vera stille dei siste minuttane før gudstenesta tek til. Dette kan gjerne stå på liturgiarket.

Høyringstema 4, 5,6 og 7 .

Tykkjer liturgien bør vera som han er i dag .

I vår plan for hovudgudsteneste står det: Ev minnst dei som er gravlagde sidan sist.

Dette punktet tykkjer me bør gå ut og heller la dette gå inn i forbøna utan å nemne namn på avdøde.

Dette seier me fordi me har opplevd at det har vorte gløymd og feil namn er sagt. Det var og vanskeleg for presten å vita at eit foreldrepar som kom til kyrkje i sitt sokn, nett hadde gravlagd dotter si i eit anna kyrkjesokn.

Nattverd: Det bør ikkje vera nattverd i kvar einaste gudsteneste. Me har to sakrament : dåp og nattverd. Dei få gongene det er dåp, bør ein ikkje ha nattverd. Dette også på grunn av at det då er fleire kyrkjeframande og gudstenesta vert lang. Det er tvilande i soknet. Ikkje alle føler seg klar til å

gå til nattverd. Er ikkje gudstenesta for dei? Ved å ha nattverd i midtgangen av og til, vil det kunne gjera det lettare å delta i nattverd for første gong. Nattverd rundt alteret bør vera hovudregelen. Takkoffer: bør som hovudregel takast opp i benkene (oppgåve for konfirmantar) når det er konfirmantar med og ved gudstenester med mykje folk, elles ved gang rundt altaret.

Ordbruk- Ønskjer å halda på dei formuleringane som vert nytta i dag.

Sokneprest Mikael Bruun orienterte om høyringssvaret siitt på soknerådsmøtet den 01.03.18.

Fet og Joranger sokneråd v/formann Ellen Melheim

Kopi: Indre Sogn prosti